

Lasse Christian Arboe Sonne: *Thor-kult i vikingtiden. Historiske studier i vikingetidens religion*. København: Museum Tusulanums Forlag, 2013. 236 s. ISBN 978 87 635 4073 5.

ANMELD AV ELSE MUNDAL

Denne boka om kulten av guden Tor i vikingtida er ei revidert utgåve av ei PhD-avhandling som Lasse Christian Arboe Sonne forsvarte ved Københavns Universitet våren 2011.

Sonne tek utgangspunkt i ei preike frå slutten av 900-talet av den engelske abbeden Ælfric der han kjem med den kommentaren at Tor var den av gudane danane elska høgst. Som Sonne påpeikar, tilhøyre verbet elska nok kristen terminologi, men det spelar i Sonnes kontekst mindre rolle. Ælfrics kommentar gjev uansett grunn til å tru at kulten av Tor stod sentralt mellom danane i England. Sonne problematiserer i liten grad om denne sentrale rolla til Tor utan vidare kan overførast til alle dei nordiske områda der Tor var dyrka. Det burde kanskje ha vore drøfta sidan populariteten til ein gud truleg også ville ha innverknad på dei former kulten tok. Sonne kjem rett nok så vidt inn på moglege geografisk, sosial og kronologisk variasjon i kulten avslutningsvis i avhandlinga, men utan at dette vert knytt til moglege variasjon i popularitet innanfor det nordiske området.

Kulten er ikkje det feltet innanfor norrøn religion som har stått mest sentralt i forskinga i nyare tid. Sonne hevdar at Henry Petersens doktoravhandling *Om nordboernes gudedyrkele og gudetro i hedenold* frå 1876 er “den seneste monografi om Thor-kulten i vikingtiden” (s. 20). Han nemner rett nok at Maths Bertell (2003) og Richard Perkins (2001) har skrivne monografar som behandlar delar av Tors-kulten, men desse arbeida vert det ikkje teke omsyn til, tilsynelatande fordi dei dekkjer berre delar av Tors-kulten, og fordi dei behandlar Tors-kulten “indenfor den gældende forståelse” (s. 20), som, om eg har forstått Sonne rett, vil seie at dei, slik han ser det, står for eit forelda kjeldekritisk syn. Sonne hevdar også at den framstillinga handbøker om vikingtidens religion like opp til vår tid gjev av kulten, direkte eller indirekte går tilbake til Henry Petersen og byggjer på hans kjeldekritiske metode frå siste kvartal av 1800-talet. På denne bakgrunnen seier Sonne: “Vi må derfor på ny tage kildematerialet op til kritisk drøftelse, og denne foreliggende afhandling er et bidrag til denne diskusjon” (s. 20–21). Dei døma han dreg fram for å vise kor nødvendig det no er med ny kjeldekritisk forskning (s. 14–17), er henta frå Petersens snart 150 år gamle bok.

Eg skulle tru at den framstillinga Sonne her gjev av *Stand der Forschung*, er eigna til å overraske mange. Rett nok kunne ein ha ynskt seg at kulten hadde ein større plass i forskinga av norrøn religion enn tilfellet har vore, men det står ærleg talt ikkje fullt så dårleg til som Sonne framstiller det. Det er jo ikkje rimeleg å berre rekne med monografiar om Tors-kult, det kan også vere eitt og anna å finne om Tors-kult i arbeid om norrøn religion meir generelt. At forskarane som har skrive om Tors-kult, handbokforfattarar så vel som andre, så godt som utan unntak skriv innanfor ein historiografisk tradisjon som går tilbake til Henry Petersen og ikkje har fått med seg, eller teke inn over seg, at det har skjedd eitt og anna innanfor kjeldekritikken, verkar også som ei urimeleg framstilling. Ein rask sjekk av handbøker frå dei siste ti-åra vil vise at det finst metodisk og kjeldekritisk refleksjon også der. Her finn ein også kritikk av den hyperkritiske kjeldekritikken som Sonne tydelegvis er ein tilhengjar av. At ein del religionshistorikarar etter Sonnes syn ikkje er kjeldekritiske nok, får så vere, men dermed er det ikkje sagt at dei metodisk og kjeldekritisk framleis representerer det same stadiet i forskinga som Henry Petersen.

Sonne avgrensar det materialet han vil byggje på, til samtidige kjelder til ein Tors-kult der guden uttrykkjeleg er nemnd og til gjenkjennelege symbol som ein har knytt til guden Tor. Tre kjeldegrupper som tidlegare har stått sentralt i forskinga av Tors-kulthen, vel Sonne å sjå bort frå. Desse tre kjeldegruppene er mytematerialet, stadnamn og den norrøne mellomalderlitteraturen. Denne avgrensinga fører til at Sonne vert sitjande att med eit svært lite materiale som han i det heile finn det umaken verdt å drøfte; og etter å ha drøfta seg gjennom dei samtidige kjeldene som slepp gjennom det første nåleauget, og forkasta det meste også av desse, m.a. framstillinga til Adam av Bremen av blotet i Uppsala og teiknet som har vore oppfatta som “Torshamrar”, sit han tilbake med åtte samtidige kjelder: seks runeinnskrifter, eitt skaldedikt og ei engelsk preike (s. 185).

Det kan i utgangspunktet verke fornuftig å byggje på samtidige kjelder som kan knytast direkte til kulthen av Tor, for desse kjeldene må ein gå ut frå er dei sikraste og beste. Det knyter seg likevel mange problem til Sonnes sterke avgrensing av kjeldematerialet. Når ein skal granske Tors-kulthen, er det sjølv sagt dei kjeldene som eksplisitt gjeld Tor, som må stå i sentrum, men det er problematisk å ta desse kjeldene ut av den vidare konteksten som alle kjelder som omtalar norrøn kult, utgjer, for kulthen av Tor høyrer til i denne vidare konteksten. Det er også problematisk å sortere kjeldene i to grupper: kjelder som kan brukast og kjelder som må forkastast. Realiteten er at kjeldene spreier seg over eit vidt spektrum frå ganske gode og pålitelege kjelder til høgst upålitelege kjelder som likevel *kan* innehalde ein kjerne av historisk sanning. Det finst ikkje nokon stad på denne lina frå dei beste til dei dårlegaste kjel-

dene eit skarpt og tydeleg skilje mellom godt og ubrukeleg, sjølv om nokre skilje, som det mellom samtidige og ikkje samtidige kjelder, er viktige. Å forkaste dei usikre og problematiske kjeldene er eigentleg den enklaste vegen ut av problemet, men er det den beste? Å prøve å bruke usikre og problematiske kjelder er ei større utfordring og ei meir komplisert oppgåve enn å forkaste dei. Det kan kanskje samanliknast med å vaske gull. Stort sett vil arbeidet vere resultatlaust, men vissa om at det finst gullkorn mellom alt gruset, er motivering nok for dei mest uthaldande.

Når ein ser på dei tre kjeldegruppene som Sonne har forkasta totalt, mytematerialet, namnematerialet og mellomalderlitteraturen, så er dette kjelder som kan innehalde gullkorn om ein klarer å vaske dei ut. Sonne har sjølv sagt heilt rett i at ein ikkje utan vidare kan utleie noko om kult frå mytar. Som døme på kva slags resultat ein kan kome til om ein ukritisk ser ein myte som kjelde til kunnskap om kult, nemner Sonne Henry Petersens gamle tolking av *Þrymskviða* som ein tekst som gjev opplysningar om førkristen bryllaupskult. Men som det er stor semje om, finst det også mytar som ein kan definere som kultmytar, og som er kjelder til kult. Å definere bort heile mytematerialet fordi dei tolkingar ein måtte gjere av myten for å knyte han til kult, alltid vil vere usikre om kulten elles er ukjend, er ei noko defaitistisk holdning.

At namnematerialet også vert vraka som kjelde til kulten, er kanskje det som verkar mest overraskande, og grunningjevinga, at ” kult behøver kun at være ét ud av flere navngivingsmotiver” (s. 22), viser tydeleg at Sonne forkastar kjelder som han veit kan gje kunnskap om kulten om han klarer å identifisere dei. Å identifisere det teofore namnematerialet som gjev opplysningar om kultplassar, eventuelt kulthandlingar, er sjølv sagt ikkje enkelt, men det har vore gjort mykje forskning på dette feltet. Særleg forskning som har granska det teofore namnematerialet som del av det samla namnemateriale innanfor eit geografisk område for å prøve å avdekkje mønster i samfunnsstrukturen, har verka lovande med tanke på å kome eit steg vidare i å utnytte dette store kjeldematerialet. Personnamnmaterialet er knapt nok nemnt av Sonne, og det er nok eit endå meir komplisert materiale å bruke enn stadnamnmaterialet. Men m.a. forskning som har prøvt å identifisere prestetitlar i det nordiske personnamnmaterialet, også namn som har vore tolka som ‘Tors-prest’, burde ha vore interessant å dra inn i drøftinga.

Mellomalderlitteraturen gjev ein god del opplysningar om kult, også Tors-kult, men alle skriftlege kjelder som ikkje vert definerte som samtidige, er altså forkasta. Ingen vil i dag påstå at dette er spesielt gode kjelder, det er avgrensa kva forfattarar som skreiv på slutten av 1100-talet og seinare kunne vite om den heidne kulten. Men kva dei eventuelt kunne vite, er påverka av fleire faktorar. Slike faktorar er kor skarpt skiljet mellom den heidne og den kristne kulturen var, og korleis holdninga til den

heidne fortida var i den kristne kulturen. Kristningsperioden var ein lang periode i heile Norden, men det er forholdet mellom dei to religionane i perioden etter at den "offisielle" kristninga hadde funne stad, som er interessant med tanke på i kva grad kunnskap om heiden kult vart tradert til ettertida. Dersom ein ser på forholda på Island, som produserte det meste av dei litterære tekstane som er kjelde til Tors-kult og norrøn kult generelt, så er inntrykket frå seinare skriftlege kjelder at holdninga var open og tolerant. Det vert også stadfest av det faktum at eddadikt og skaldedikt med heide innhald og eit poetisk språk med referansar til heidne mytar, overlevde inn i den kristne kulturen. Dette skulle gje eit godt klima for at tradisjonar frå den heidne tida vart tekne vare på. Ved kristninga i år 1000 vart også heiden kult tillaten på Island så sant han fann stad i løynd, kan Ari fróði fortelje i *Íslendingabók*. Den heidne kulten vart forboden etter nokre år, men det er jo eit spørsmål i kva grad forbodet kunne handhevast i eit land utan utøvande makt. I Noreg vart det nok vanskeleg å praktisere heiden kult openlyst etter kvart som kongemakt og kyrkjemakt feste grepet, men det vil vere blåøygd å tru at heiden kult vart heilt borte med "kristninga" og innføringa av dei første kristenrettane. Forboda mot heiden kult og praksis i dei bevarte kristenrettane frå Noreg viser klart at så ikkje var tilfelle. Heiden kult i kristen tid måtte nok gå føre seg på andre måtar enn i heiden tid, og alle sider ved kulten let seg neppe praktisere. Om forfattarar på 1100- og 1200-talet skulle ha førstehands kjennskap til restar av heiden kult og praksis, er den forbodne kulten, som måtte gå føre seg i løynd, sjølvstakt ikkje gode kjelder til korleis heiden kult fann stad før kristninga, men dei klare indisia i kjeldene på at ikkje all heiden kult vart borte med kristninga, og at det derfor har funnest ein viss kjennskap til slik kult i kristen tid, er noko vi ikkje heilt kan oversjå. Det fanst også område i Norden der kjeldene tyder på at den kristne og heidne kulturen levde siden om side i relativt fredeleg sameksistens så seint som på 1100-talet. Dette ser ut til å ha vore tilfellet på delar av svensk område der kongemakta ikkje stilte seg i spissen for kristninga på same måten som i Noreg og Danmark; og det er grunn til å tru at det som gjekk føre seg i slike heidne lommer, ikkje var heilt ukjent i vidare krinsar i Norden. Heiden tid og heiden kult var av fleire grunnar kanskje ikkje fullt så langt unna i tid og rom for forfattarane på 1100- og 1200-talet at vi berre kan avvise dei skriftlege kjeldene utan å vurdere dei.

Sonne brukar ganske mykje plass på å drøfte dei såkalla Torshamrane som mogelege kjelder til ein Tors-kult, men konkluderer med at dei må forkastast. Han fastslår at dei har vore brukte som smykke/anheng, men han meiner at det ikkje kan provast at dei har hatt eit religiøst symbolsk innhald som kan knytast til guden Tor (s. 113ff.). Grafitti på myntar, som har vore tolka som Torshamrar, er ganske summarisk behandla. Sonne finn det ikkje tilstrekkeleg prova at denne grafittien har noko

som helst med Mjølnir å gjere. Engelske myntar frå Danelagen der eit hammarliknande teikn finst prega på eine sida av mynten og kristne symbol på den andre, er ikkje behandla, og den islandske miniatyrfiguren frå Eyrarland, som det har vore brei semje om må tolkast som ein Torsfigur, er heller ikkje inkludert i Sonne sitt materiale.

Samtidige skriftlege kjelder skulle ein tru var interessante kjelder til Tors-kult. Adam av Bremen er ei samtidig kjelde til den heidne kulten i Uppsala, men denne kjelda er, som ein lenge har vore klar over, problematisk av andre grunnar. Adam bygde så vidt vi veit ikkje på sjølvsyn, og han hadde neppe ei særleg objektiv holdning til heidendomen. Sonne meiner å vise gjennom ein analyse av forteljinga om blotet i Uppsala at Adam har konstruert denne, vesentleg på grunnlag av klassiske mønster, for å bruke henne som ramme for ei mirakelforteljing som skal legitimere kyrkja i Hamburg/Bremen sin rett til Norden som misjonsmark. Men spørsmålet er om ein kan feste stor nok lit til Sonnes analyse til å forkaste alt Adam har å fortelje om blotet i Uppsala.

I og med at Sonne forkastar det aller meste av kjeldene som forskarane tidlegare har brukt, og sit att med berre dei nemnde åtte kjeldene, vert det biletet ein får av Tors-kulten ganske snevert. Sonne fastslår at “Disse otte kilder giver positive vidnesbyrd om Thor-kult i forbindelse med beskyttelse af rejste runemonumenter, beskyttelse af mennesker imod ondt, /.../ samt på faste kultpladser, hvor kulten sikrede den agrare velferd” (s. 185f.). Biletet av denne sida av Tors-kulten framstår som ganske klart, og det er sikkert rett så langt det rekk, for det vil nok vere breie semje om at dei kjeldene Sonne dreg sine konklusjonar på grunnlag av, er relativt gode kjelder. Men spørsmålet er om det biletet Sonne gjev av Tors-kulten, vert for einseitig og fragmentarisk, og om andre sider ved Tors-kulten vert borte, dels fordi storparten av kjeldene vert forkasta og dels fordi Tors-kulten vert teken ut av ein vidare kultsamanheng.

Når ein forskar forkastar storparten av kjeldene, fråtak han seg sjansen til å vurdere kjelder og kjeldegrupper i lys av kvarandre. Kjelder som isolert sett må vurderast som usikre og relativt svake, kan straks verte meir interessante om det biletet dei gjev, vert støtta av andre kjeldegrupper. Dette forholdet er, etter mitt syn, ein sterk grunn til å prøve å bruke heile det kjeldematerialet ein har tilgang til, sjølv dei kjeldene som har svært liten beviskraft når dei står åleine.

Som mellomalderforskarar står vi nok alle i den situasjonen at vi må avfinne oss med å måtte arbeide med kjelder som slett ikkje er uproblematiske og enkle å bruke, og sjølv sagt må ein vere kjeldekritisk. Men den totale avvisinga av eit kjeldematerialet er etter mitt syn om lag like problematisk som den kritikklause bruken. Sonne ynskjer å skape debatt, og debatt trengst. Tors-kulten er i seg sjølv eit interessant tema å debattere, og eg skulle tru at siste ord ikkje er sagt med Sonnes bok. Men det Sonnes

bok i særleg grad aktualiserer, er ein debatt om kjeldebruk, og det viktigaste er kanskje ikkje å debattere kva som er gode og dårlege kjelder. Endå viktigare kan det vere å få ein debatt om korleis vi som kjeldekritiske mellomalderforskarar skal stille oss til problematiske og dårlege kjelder, for dei slepp vi ikkje unna. Å avvise å bruke desse kjeldene, som Sonne gjer, er etter mitt syn ein for enkel veg ut av problema.